

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep

0032 Oslo

Ryfylke den 5.02.2015

Me viser til høyringsbrev om endringar i IKS-lova

Ryfylke IKS som er regionråd for kommunane Sauda, Suldal, Hjelmeland, Strand og Forsand gjer følgjande fråsegn:

Det blir føreslått å gå bort frå ordninga med at deltakarkommunane har uavgrensa ansvar for gjelda i selskapa, ut frå at dette kan gi selskapa ein økonomisk fordel som er urettkomen når det gjeld marknadsretta verksemd.

Me kan vera samde i at det truleg kan trengjast ein del klargjeringsar i lovverket, men meiner det blir feil å ta bort ordninga med uavgrensa ansvar for alle interkommunale selskap. Etter vårt syn må det vera avgjerande i kor stor grad selskapa opererer i ein konkurranseutsett marknad.

Der deler av verksemda er marknadsretta/konkurranseutsett har dei aktuelle selskapa, slik me ser det, allereie løyst dette ved å skilja den aktuelle tenesta ut i egne aksjeselskap.

Dersom endringa vert gjort gjeldande for alle interkommunale selskap vil dette resultera i betydeleg dyrare tenester til forbrukar. Det gjeld spesielt selskap som har ansvaret for vatn, avløp og renovasjon. I åra framover vil desse selskapa ha behov for store investeringar i infrastruktur og får såleis auka lånekostnad som ein direkte konsekvens av lovendringa. Denne kostnadsauken vil måtta leggjast på forbrukar.

Dei økonomiske konsekvensane er mangelfult utgreidd, og det framstår som lite tenleg å endra ramevilkåra for kommunane som har valt å løysa desse tenestane i fellesskap. Berre vurdering og endring av organisasjonsform er kostnadskrevjande, og ein skal ikkje sjå vekk frå at resultatet kan verta nye aksjeselskap som igjen vil gje mindre folkevald styring over verksemda. Dei økonomiske konsekvensane må utgreiast nærare.

På bakgrunn i dette meiner me at nokre interkommunale selskap som ikkje opererer med konkurranseretta næringsverksemd, framleis må ha høve til å ha deltakarkommunar med uavkorta ansvar.

Tenestetilbod som er marknadsretta kan skiljast ut i egne selskap, til dømes aksjeselskap.

for Ryfylke IKS

Geir Ims
(sign)